



**Notat**

Dato: 19.05.2017  
Arkivsak: 2017/1892-9  
Saksbehandlar: chaespe

---

**Til:** Utval for opplæring og helse / Utval for kultur, idrett og regional utvikling

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## **AUD-rapport 03-17 Kunsthaga i grunnskulen i Hordaland - Tilstand og utfordringar i 2016**

Måndag 24. april vart rapporten «Kunsthaga i grunnskulen i Hordaland – Tilstand og utfordringar i 2016» publisert. Rapporten er bestilt av Samspel Hordaland, som har vore ein samarbeidsallianse for å styrke kunsthaga i heile utdanningsløpet, frå barnehage til universitet. Alliansen har bestått av Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Fylkesmannen i Hordaland, Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund (no slått saman til Høgskulen på Vestlandet), Kunst- og designhøyskolen i Bergen (no del av Universitetet i Bergen), Norsk kulturskoleåd og Universitetet i Bergen. Hordaland fylkeskommune har vore representert både i styringsgruppa og i arbeidsgruppa. Sekretariatet har lagt hos Høgskolen i Bergen / Høgskulen på Vestlandet.

Samspel Hordaland er tufta på ein visjon om at Hordaland skal vera ein utdanningsregion der estetikk, kreativitet, kunst og kultur pregar opplæring, utdanning og forsking på ulike nivå og i ulike samanhengar. Siktemålet har vore å auke rommet for kunst- og kulturfag i utdanningsløpet frå barnehage til universitet, og å leggja til rette for nyskapande prosjekt innanfor opplæring, utdanning, forsking og formidling, både i og utover Hordaland.

Som ei avslutning på prosjektet, ønskte Samspel Hordaland ei kartlegging av tilstanden for kunsthaga i skulane i Hordaland. Rapporten er basert på ei spørjeundersøking til rektorar og kunsthaglærarar i grunnskulen i Hordaland. I dette arbeidet har Høgskulen på Vestlandet hatt det faglige ansvaret. Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har bidrege med innspel til spørsmål, og Regionalavdelinga med analyse- og metodekompetanse ved datainnsamling og den tekniske utføringa av spørjeundersøkinga.

Rapporten ligg ved denne meldinga, og er publisert på HFK sine nettsider:

<http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/aud-rapportar/2017/aud-rapport-03-17-kunsthaga-i-grunnskulen-i-hordaland---tilstand-og-utfordringar-i-2016.pdf>

Rapporten er også kommentert på Høgskulen på Vestlandet sine nettsider: <http://www.hib.no/om-hogskolen/senter-for-kunstfag-kultur-og-kommunikasjon/nytt-fra-senteret/kunsthaga-er-minimumsfag-i-hordaland/>